

FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 31.12.1984
LG/TBR

Ark.nr. 062, 382

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 259/84.

LISENS FOR FISKE I EF-SONA 1985.

Lisensordninga for EF-sona er den same for 1984 som i tidlegare år. Det inneber at alle norske farty som

- fiskar ved Vest- og Aust-Grønland
- eller
- fiskar i EF-sona i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane og som er større enn 200 brutto tonn

må ha lisens frå EF-kommisjonen.

Eventuelle endringer på grunn av at Grønland går ut av EF vil bli gitt melding om seinare.

Det er gjeldande ei overgangsordning slik at alle farty som har gyldig lisens for fiske i EF-sona ved utgangen av 1984 kan halde fram med fisket i EF-sona i januar, februar og mars 1985 dersom dei har lisensdokument for 1984 om bord.

Det er søkt om ny lisens for 1985 for alle farty som hadde lisens i 1984. For farty der det er endringar i namn, nr., eideomstilhøve, tekniske data eller fiskeriet som blir dreve må det sendast inn ny lisens-søknad.

Ved søknad om ny lisens eller endringar av tidlegare utskrevne lisens ber vi om at det vedlagde (./.) skjema blir innsendt til Fiskeridirektoratet.

REGISTRERING AV FARTY SOM ER 200 BRT ELLER MINDRE:

Fiske i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane med farty som er 200 BRT eller mindre er altså ikkje lisenspliktig. Det er likevel semje mellom EF og Noreg om å utveksle lister over slike mindre farty, og desse fartya skal difor også fylle ut det vedlagde skjemaet og sende det til Fiskeridirektoratet.

Dei som tidlegare har sendt inn registreringsskjema treng ikkje sende inn slikt skjema på nytt dersom det ikkje ligg føre endringar. Fiskerisjefane i vedkommande fylke har opplysningar om kva farty som står på listene som er sende til EF.
